

REFERAT FRÅ MØTE 03-22 I KVÅS KYRKJELYDSUTVAL

30. sept 2022 på kyrkjesenteret

Tilstades: Gro Alvheim, Rune Hauan, Gunn T. Hestad, Sverre E. Lied, Torbjørn Ougland og Marit Vegge

Åpningsord: Torbjørn

Sak 11/22: Gudstenestene framover, kyrkjevertar mm.

I fjor engasjerte me mange av konfirmantforeldra, både til å vere kyrkjevert og/eller til å ta med -kaffi. Det vil vi halde fram med i år. Marit set opp liste over -vertar, -kaffi og offer, og spør foreldra til konfirmantane Benjamin og Filip Hjemlestad + Lea Gysland om dei kan tenkje seg å bidra. (Torbjørn er vert første søndag, 2. oktober.)

Konfirmantpresentasjon 6. nov.:

Det er tradisjon at konfirmantane i Kvås får skinninnbundne biblar i gåve frå kyrkjelyden. Det vil me òg gjere i år; Torbjørn spør om Mariann V. kan bestille.

Me vil òg gjenta ideen frå konfirmantpresentasjonen i fjor, og spørje ein av konfirmantane om dei vil lage ein kort presentasjon (filmsnutt) av kvar av ungdommane. Gro spør Benjamin Hjemelstad.

Forsongarar: Me er ein fast liten gjeng som er forsongarar på gudstenestene når me kan. Margot sender til vanleg ut melding dagen før om kva salmar som skal syngast, og for ho og Kaldo er det greitt å vete kor mange som kjem. Dei ønsker derfor at vi svarer på meldingane og seier frå om dette.

Sak 12/22: Offer framover

Me tildelte ofringar på gudstenestene i haust:

2. okt:	Arbeid i kyrkjelyden
16. okt:	Søndagsskolens arbeid i Kvås
6. nov:	Yngres (konfirmasjonspresentasjon)
20. nov:	If (I follow)
4. des:	Sjømannskirken - Den norske kirke i utlandet
24. des:	Kirkens nødhjelp
25. des:	Arbeidet i kyrkjelyden

Sak 13/22: Medlem til diakoniutvalget fra Kvås

Me har enda ikkje lukkast å finne eit nytt medlem til diakoniutvalet.

Nye forslag: Kjell Arne Johannessen, Reidar Bråndland, Jorunn Bråndland. Gunn spør.

Eventuelt

Det er dårlig med prosjektor og lerret i kyrkja. Dette vil me setje opp som sak på neste møte.

Kvås, 3/9 - 2022

Marit Vegge